



Kobbevangen Vel
c/o Øyvind Ask Marøyvegen 59
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7624 - 21/58422

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2021

Miljøsak gbnr. 428/123 Kvalheim - avløpsanlegg - svar på dykkar brev

Vi viser til ditt brev datert 02.09.2021 med spørsmål knytt til avløpsleidningen til sjø frå bustadfeltet på Kvalheim.

I søknaden frå Haugen VVA-prosjektering datert 20.04.2006 er det opplyst følgjande:

Utsleppsleidning

Det leggjast ein ø110mm PE80 PN6 heilsveist slange i grøft til kote -3,0. Vidare på sjøbotn, forankra med prefabrikkerte betonglodd.

Leidningen skal føres ut i sundet mot Helleosen/Hjeltefjorden, og avsluttes på kote -15m.

I strandsona blendes leidningsgrøft med tørrmørtelsekkar.

Leidning hevast 1,0m over sjøbotn i ende for å hindra oppstuvning og betre spreieing i sjøvatn.

Ved utlegging av utsleppsleidning vert botn kartlagd og endeleg trase bestemt av froskemann. Dersom leidningen ikkje får jamt fall, vil avlaupsvatnet bli pumpa ut.

Det er kommunen sin vurdering at så lenge leidningen ikkje har jamt fall, skal det monterast trykkpumpe. Dette går klart fram av søknaden frå 2006. Kommunen er kjent med at det har vore problem knytt til denne avløpsleidningen og at leidningen er kappet etter omlag 600 meter.

Når leidningen no er kappet ved omlag 600 meter er ikkje tiltaket lenger i samsvar med løyvet som vart gjeve i 2006. Dersom leidningen skal avsluttast slik den ligg no, må det søkjast om endring av gjeve løyve og det må påreknast at den delen som ikkje lenger er i bruk må tas opp.

Vi viser til forureiningsforskrifta § 12-14 Endring og omgjøring av tillatelse.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kobbevangen Vel

c/o Øyvind Ask
Marøyvegen 59

5937 BØVÅGEN